



Arkivnr: 2014/10805-1  
Saksbehandlar: Lise Ådlandsvik

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet		12.02.2014
Fylkesutvalet		19.02.2014
Fylkestinget		11.03.2014

## Kollektivmeldinga 2013

#### Samandrag

Dette er sjette gongen det vert lagt fram ei kollektivmelding. Meldinga er skrive som ei årsmelding, og inneholder eit oversyn over dei viktigaste hendingane på kollektivområdet i Hordaland i 2013.

#### Forslag til innstilling

1. Fylkestinget tek *Kollektivmeldinga 2013* til orientering.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 29.01.2014**

Kollektivmeldinga har vore lagt fram årleg sidan i 2008, og er ei årsmelding for kollektivområdet. Fylkeskommunen er i gong med ei rekke store tiltak på kollektivområdet, både på infrastruktur og drift. Det er gjort mange vedtak i fylkeskommunen i tilknyting til dette. Meldinga inneholder ei samla oversikt over dei viktigaste aktivitetane det siste året. Naturleg nok har meldinga stort fokus på kollektivtrafikken i Bergensområdet, men årsmeldinga trekker også fram dei viktigaste hendingane for kollektivtransporten i fylket utanom Bergensområdet.

Føremålet med kollektivmeldinga er todelt. Den skal vera ei kjelde til kunnskap om dei ulike aktivitetane som er gjennomførte. Vidare er det ynskjeleg at den vil stimulera til debatt og auka politisk engasjement om kollektivområdet.